

KJÆRE ELEVAR OG FØRESETTE



Takk for dette underlege skuleåret. Vi har hatt eit lærerikt, annleis og godt skuleår. Sjølv om vi ikkje har fått vore saman slik vi pleier å vere. *Ein dag i vinter då vi hadde ski/akedag var eg ute saman med småtrinnet. Heile småtrinnet var ute samstundes, på same stad, men med god avstand. Ved bålet står eg i lag med ein førsteklasing. På motsett side av bålet er der nokre fjerdeklassingar, førsteklasingen utbryter då: «Tenk – vi er ute i lag med tredje-fjerdeklasse!»* Ho hadde ikkje opplevd ein skuledag der ein var saman med andre enn første/andre klasse! *Eller når ein førsteklasing seier til ein lærar på mellomtrinnet, læraren skal hente noko på småtrinnet: «Vaksne har ikkje lov til å gå inn her!»* Ho hadde aldri sett læraren før!

Eg vil og takke dykk alle! Utan deg hadde ikkje skulen vår vore så kjekk å vere på! Takk til dykk føresette. Utan dykk hadde vi ikkje hatt dei kjekke og kunnskapsrike elevane våre! Takk til alle engasjerte og kunnskapsrike tilsette, som gjer skulen til ein god stad å vere og å lære.

Som i fjor har vi hatt ny læring på områder vi ikkje hadde sett for oss. Vi ser at møter med dykk foreldre kan fungere på teams, og vi ser og at det går an å få til eit samhald utan at vi er i same rom. Vi ser at å halde god handhygiene er kome inn som ei rutine, noko som er bra for oss alle.

Fram mot sommaren skal skulane halde fram med gult nivå. Slik må vi og tenkje annleis med sommaravslutningar. Her ser eg at alle er i god gang med planlegging, slik at elevane får ei kjekk avslutning på skuleåret. Takk for det!

Mange av rutinane vi byrja med i fjor (og året før) vil vi fortsetje med komande skuleår.
Mellom anna:

- Fri innmarsj
- Kantinedrift
- Uteskule
- «Ped»-dag på mellomtrinnet (praktisk estetisk dag)
- Utesymjing
- Kjøkkenhage

Av reglar, rutinar og sosial læring har vi jobba og skal jobbe framover målretta mot:

- lage ein kultur der skulekvardagane er prega av læring, system og forutsigbarheit
- ha respekt for medelevar og vaksne – felles sosiale reglar
- vere vennlege mot kvarandre
- ta vare på skulen og utstyr skulen har

Fokuset vårt vil framleis vere desse punkta. Vi ser at når vi har same haldningar og system får vi trygge elevar som trivs, dei veit kva som skal skje. Vi ser og at elevane profeterer på å få struktur i friminutta. Difor vil vi starte opp året med (når vi kjem i normalsituasjon) med å ha soner i friminutta to gonger i veka.

Timeplana for elevane er noko endra med endra friminutt. Tre dagar i veka sluttar småtrinnet klokka 12.35. Heile skulen sluttar tidleg tysdagar klokka 12.35.

Ettermiddagsope vil fortsetje til haustferien. Då har vi ikkje eksterne midlar lenger. Vi jobbar for å få til ei ordning som gjer at vi likevel kan fortsetje ut skuleåret med ei tilsvarande ordning. Dette kjem eg tilbake til.

LEKSEFRI SKULE – LEKSEBEVISST SKULE

Skulen har evaluert ordninga vi har hatt dei to siste åra med leksefri skule. Vi var litt uheldige at heimeskule og korona kom midt i utprøvinga. Vi kan likevel konkludere med erfaringar vi har gjort oss. Vi ser at:

- *Foreldregruppa er delt i synet på leksefri skule.* Når vi se på forskning er dette ganske normalt. Det nokre foreldre ønskjer er å få meir innsyn i kva elevane gjer på skulen. God informasjon er viktig, derfor legg vi vekt på å leggje ved utfyllande informasjon på vekeplana. Her finn de mykje nyttig og god informasjon. Andre kjenner på ein kvardag som er mindre prega av krangling og konflikhtar i heimen.
- *Elevane har hatt ulikt syn på kva leksefri er.* Skulen har heile tida hatt lesetrening som ein del av arbeidet heime. Grunngevinga er å få nok trening på eige nivå. Nokre elevar gjort denne treninga, medan andre har meint at leksefri er heilt fri.
- *Skulen ser at i blant er det behov for å øve ekstra på eit tema heime.* Dersom elevar skal ha riktige lekser skal dei kunne gjere desse sjølve. At foreldre må hjelpe til er ikkje sjølvstendig arbeid. Mykje har endra seg i skulen dei siste ti åra. Det er ingenting i lovverket som seier at skulen må gje lekser, men ein kan gje lekser. [Leksene må då vere riktige](#), leksene skal vekke interesse, elevane veit kva dei skal lære, korleis dei lærer best og elevane kan vurdere eiga læring. Heimelekser gjev best resultat dess eldre elevane blir. Det er [mykje forskning](#) og sterke kjensler kring lekседebatten. Mellom anna viser forskning at den tradisjonelle rekneleksa gjev så å

seie ingen effekt, men skapar derimot mykje splid og ufred i heimane. Vi ser at debatten har blomstra opp att, og at fleire snakkar om [leksebevisste](#) skular. Vi ser og at elevar som kunne trengt meir hjelp før dei gjekk heim ikkje nytta høve til å bruke mentortimen vi hadde satt opp to ettermiddagar i veka.

Skulen har landa på å fortsetje med vegen vi har staka ut, men vi ønskjer å kalle oss LEKSEBEVISST SKULE – med fokus på lesing. Dette betyr at lesing fortset ein med for alle elevane, at lekser skal vere tilpassa den einskilde, at ein kan øve på eller førebu seg til timane heime, at gode lekser er når eleven forstår og klarer leksene. Lekser er altså ikkje-rekne ei side vidare. Vi på skulen legg til rette for mengdetrening og repetisjon. Vi ønskjer og at de foreldre skal få så mykje som mogleg innsyn i kva eleven jobbar med på skulen. Gje oss tilbakemelding på om du får nok innsyn, for lite innsyn, nok informasjon og om lekser er tilpassa ditt barn.

TILSETTE

Nokre endringar i staben komande skuleår.

Nokre skal studere, er i fødselspermisjon og vikariat er avslutta. Sjå lista under for kven som vil jobbe kor. Tanken rundt organiseringa er at det skal vere eit «miniteam» rundt to trinn. Dei vaksne som jobbar på desse trinna skal samarbeide mykje, kjenne kvarandre sine elevar, dekke opp for kvarandre ved kortvarig frávær og kjenne kvarandre sine rutinar slik at det blir lettare for ein vikar å vere vere i ei klasse.

- Å ikkje få brot i undervisninga er viktig for elevane si læring.
- Å vite at ein respekterer vikarar like mykje som lærar ein har til dagleg, gjer at læringa blir betre.
- Å vite at vikarar kjenner rutinar, og får lett innsyn i elevane sine behov, gjer at elevane kjenner seg trygge og læringa blir betre.

Lærarar:

Elisabeth Sanden	Kontaktlærer i 1.klasse og avdelingsleiar
Gunn Kleppestø	Kontaktlærer i 2.klasse
Anita Hansen-Eltem	Kontaktlærer i 3.-4. klasse
Maila Oen Hellesøy	Medlærer i 3.-4.klasse
Olaug Hatten	Timelærer, spesialpedagog, tidleg innsats 1.-4. trinn
Toiny Oen	Kontaktlærer i 5. klasse.
Kristina Austebø	Medlærer i 5.-7.klasse, utesymjing, symjing
Birthe Vik	Kontaktlærer i 6. klasse
Andreas Kallekleiv	Kontaktlærer i 7. klasse
Maria Turøy Ådland	I studie, tilbake som timelærer januar 2021
Elisabeth Ledang Helle	SFO- leiar, spesialpedagog

Andre vaksne: Førebels er fordelinga slik. Andre vaksne er stort sett knytt opp mot einskildelevar, dei må og vere i andre klasser når det er behov for det.

Iren Knappen	første trinn
Laila Hatten Rossnes	andre, tredje og fjerde trinn
Hilde L. Oen	mellomtrinn
Evy Anita Fjeldstad	mellomtrinn
Kine Blom Hjartøy	femte trinn

Ha ein riktig god sommarferie, når den tid kjem!

A colorful logo with the words "God Sommer!" in a playful, bubbly font. The letters are multi-colored, with "God" in green and yellow, and "Sommer!" in blue, green, and yellow.

Mvh



Linda Færestrand
rektor